



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1294 - 17/35782

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2017

Melding om vedtak fatta 13.12.2017 i Plan- og Miljøutvalet - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Saka vart handsama av Plan- og Miljøutvalet i møte den 13.12.2017, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet - 124/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. pbl. § 11-6, vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og arealføremålet i sjø i kommunedelplanen Knarvik-Alversund 2007-2019 og byggjeforbodet i 100 meter beltet langs sjø, jf. pbl. § 1-8, for oppføring av bryggje med tilkomst i naturstein og anneks.

1. PMU gir ut frå krava i kommuneplanen om kotehøgde for kai og kaianlegg søkar medhald i å heva eksisterande kai til anbefalt høgde i kommunedelplanen og utviding i høve til teikningar. Det vert ikkje høve til å utvide kai mot sør og vest. Eksisterande kai er for låg til å ta imot aukande flo og er tidvis oversvømt. Utviding av kai i bakkant av den nye oppbygde kaien vil vera naudsynt for å binda kaien til resten av området. Opprydding av sprengstein i fjøra vil betra situasjonen både med omsyn til tryggleik og estetikk, og vil betra tilkomsten for ålmenta. Heving av kaifronten vil auka tryggleiken ved i land og ombordstigning frå båtar vesentleg. PMU ser føremonane med dispensasjon som klart større enn ulempene.

2. PMU gir dispensasjon frå byggjeforbodet i 100m-beltet og bygging i LNF-område. Riving av eksisterande anneks og bygging av nytt med om lag same innvendige areal og liknande arkitektoniske framtoning og takvinkel som hovudbygget, vil betra den visuelle kvaliteten i området og vil ikkje auka privatiseringa av området i nokon grad. Den nye utforminga vil også betra fjernverknaden for bygget. PMU ser føremonane med dispensasjon som klart større enn ulempene.

3. Det vil ikkje bli gitt dispensasjon til bygging av naust i høve til søknad. Grunngevinga kjem fram i tidlegare saksframstilling.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for oppføring av naust, bryggje og anneks samt etablering av tilkomst i naturstein - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Erik Sørensen			
Steenstrup Stordrange DA	Torgallmenningen	5811	BERGEN
	3 B		

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Erik Sørensen			
Steenstrup Stordrange DA	Torgallmenningen	5811	BERGEN
	3 B		